

---

Hovudutval for plan og næring

Saksbehandlar: Lena Merete Söderholm

Arkiv:

Arkivsaksnr.: 04/04109

---

## **AQUA NOR 2005**

### **Fylkesdirektøren rår Hovudutval for plan og næring til å gjere slikt vedtak:**

- 1 Sogn og Fjordane går inn i eit samarbeid om ein felles Vestlandsstand for Hordaland, Rogaland, Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane under Aqua Nor i 2005.
- 2 Det vert lagt til grunn at fylkeskommunen tek del i Aqua Nor 2005 med til saman kr 200 000. Sjølve tildelinga av midlar skjer først i mars 2005, i samband med fordeling av utviklingsmidlane for 2005.

### Prenta vedlegg:

- 1 Søknad frå Fiskeriforum Vest med vedlegg.

## **Saksframstilling**

### **1. BAKGRUNN**

#### **Bakgrunn for at saka er reist**

Sogn og Fjordane Fylkeskommune har motteke søknad, datert 3. november 2004, frå Fiskeriforum Vest der dei inviterer til deltaking og finansiering av ein fellesstand for Vestlandet under Aqua Nor hausten 2005. Til dette arrangementet søker Fiskeriforum Vest fylkeskommunen om eit tilskott på kr. 150 000. I tillegg oppmodar dei fylkeskommunen om å planlegge og arrangere eit felles kveldarrangement.

#### **Historikk - tidlegare vedtak**

Aqua Nor er ei internasjonal havbruksmesse som vert arrangert kvart 2. år i Trondheim .

Sogn og Fjordane Fylkeskommune og Hordaland Fylkeskommune arrangerte fellesstand under Aqua Nor i 2003. Behandling/vedtak i Hovudutval for regional utvikling den 23.05.2002.

Standen i 2003 fekk svært gode tilbakemeldingar frå både utstillarar og besøkande, og var ein av dei mest besøkte under heile utstillinga. Det vart gjennomført faglege program på standen. Meir enn 30 bedrifter var representerte på fellesstanden i tillegg til dei offentlege aktørane. Fellesstanden i 2003 dekkja eit areal på 200 m<sup>2</sup>. Kvar utstillar hadde sitt areal ("bås") medan fellesarealet og sjømatbaren tok mykje av standarealet. Det var og sakna ein meir avskjerma plass til formelle og uformelle møte med kundar.

Også i 2003 hadde Fiskeriforum Vest hovudansvar for planlegginga og gjennomføringa av arrangementet. Dette samarbeidet fungerte svært godt.

### **3. VURDERING OG KONSEKVEN SAR**

#### **Standen i 2005**

Vi ynskjer i 2005 å inkludere Møre og Romsdal og Rogaland i tillegg til Hordaland og Sogn og Fjordane slik at standen står fram som ein Vestlandsstand. For å sikre profesjonell gjennomføring og deltaking av eit så stort prosjekt har Fiskeriforum Vest inngått samarbeid med Possibility AS som teknisk arrangør av standen.

Målsettinga med fellesstanden er å synleggjere Vestlandsregionen sitt store potensiale innan havbruk og å vere ein møtearena mellom næring, offentlege kompetansmiljø og forvaltning, der innovasjon og verdiskaping står sentralt. Fylkesdirektøren ser dette som eit godt høve for bedrifter og organisasjonar innan havbruk å få profilere seg både mot innanlandske og utanlandske aktørar.

Frå Flora kommune er det signalisert svært stor interesse for tiltaket, og dei har stipulert at eit 20-tals bedrifter berre frå Flora og omeign vil delta på fellesstanden i 2005.

Det vert ei oppgåve for fylkeskommunen i samarbeid med Invasjon Norge å sikra at alle aktørar i fylket får invitasjon om deltaking på standen.

I utforminga av standen og arrangementet i år, har ein tatt med seg erfaringane som er hausta gjennom tidlegare arrangement i 2003, samt erfaringane frå fylkeskommunen sin fylkesstand under NorFishing i 2004.

Fellesstanden for 2005 omfattar eit areal på 400 m<sup>2</sup>. I forslaget til utforming av fellesstanden vil 2. høgda på standen vere fellesareal til bruk under fagseminar og møte, i tillegg til ein sjømatrestaurant. Denne er tenkt nytta av aktørar som leiger standplass og gjester desse ynskjer å invitere opp, altså ei meir lukka form enn den opne sjømatbaren vi praktiserte i 2003. Erfaringane tyder på at "mat trekker folk", og Sogn og Fjordane Fylkeskommune har spela inn at vi ynskjer ei kontinuerleg matsservering og på grunnplanet, om enn i ei enklare form enn i 2. høgda.

Arealleiga er stipulert til 5 750 kr/ m<sup>2</sup>. I dette er det m.a. inkludert gratis mat til standleigar m/inviterte gjestar, fagleg program, orienteringsmøte med lett servering, utstyr som skal/kan nyttast på standen, slik som stolar, bord, skilt, lys, reklamestativ).

Følgjande element vil inngå i fellesstanden:

- Ein sjømatrestaurant der produkt frå regionen vert profilert, laga til av kokker frå regionen. Areal vil bli 120 m<sup>2</sup> og ha kapasitet til 100 personar. Gratis servering til deltakarane og deira gjester.
- Fagleg program: "Speakers Corner" der forskarar i regionen vil inngå i programmet. Det er avsett eit større areal i 2. høgda.
- Program med fellesprofilering der aktørane blir profilert og regionane omtala.
- Sosiale arrangement: Fiskeriforum Vest inviterar her dei offentlege aktørane til samarbeid og gjennomføring om eit felles kveldsarrangement.

Prosjektet vil krevje innsats frå fylkeskommunen til deltaking i styringsgruppe og informasjon og koordinering mot aktørar i eiga fylke.

### Økonomi

Budsjettet er på totalt 975 000 kroner. Denne summen inkluderer leing og koordinering av prosjektet, drift av sjømatrestauranten, gjennomføring av eitt fagseminar, samt ei "orientingssamling" for standdeltakarane.

Finansieringsplanen legg opp til at kvar av fylkeskommunane løyver kr. 150 000. I tillegg er det søkt finansiering frå Ålesund kommune, Stavanger kommune, Bergen kommune og IN.

Det er ynskjeleg at det vert arrangert eit sosialt fellesarrangement på kvelden, slik vi hadde, med stor suksess, i 2003. Dette er arbeid/kostnader som ikkje er inkludert i budsjettet som er lagt fram av Fiskeriforum Vest.

I 2003 vart felles kveldarrangement planlagt og arrangert i si heilskap i samarbeid mellom Bergen kommune, Hordaland Fylkeskommune og Sogn og Fjordane Fylkeskommune. Løyvingane i samband dette arrangementet var i 2003 kr. 25 400 for Sogn og Fjordane, etter den fordelingsnøkkelen som da vart lagt til grunn. Det er ynskjeleg at ein for 2005 sett av kr. 50 000 til dette arbeidet, for planlegging og gjennomføring av kveldsarrangementet.

Fylkesdirektøren vil på grunnlag av dette, tilrå at det vert sett av til saman kr 200 000 til Aqua Nor i 2005.

I brevet frå Fiskeriforum Vest er det ynskt ei snarleg avklaring på spørsmålet om deltaking på fellesstanden. I tillegg er det formidla eit sterkt ynskje om at deler av midlane vert gjort disponible for Fiskeriforum Vest så snart som råd er, slik at dei kan fortsette planleggings-arbeidet med dette prosjektet. Fylkesdirektøren finn det difor riktig å fremme sak om deltaking og finansiering av fellesstand på Aqua Nor i 2005 no.

### **3. KONKLUSJON/TILRÅDING**

Fylkesdirektøren tilrår at Sogn og Fjordane fylkeskommune går inn i eit samarbeid med målsetting om å få til ein fellesstand mellom Hordaland, Rogaland, Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane på Aqua Nor i 2005.

Det vert lagt til grunn at fylkeskommunen tek del i Aqua Nor 2005 med til saman kr 200 000. Sjølve tildelinga av midlar skjer først i mars 2005, i samband med deling av utviklings-midlane for 2005.